

Leve heile livet

- en kvalitetsreform for eldre



To nye inspirasjonsfilmar til Leve heile livet

Wemake har no levert dei to siste inspirasjonsfilmane til Leve heile livet.

"Det har vore spennande å få jobba med så dugelege folk som både har forstått reforma og målet vårt med filmane og som har formidla bodskapane på ein veldig god måte. Vi er særslig nögd med resultatet. Filmane er delte med alle involverte partar i reformarbeidet og lagt tilgjengeleg på YouTube-kanalen til Helsedirektoratet, seier Thorstein Ouren i Helsedirektoratet."

"Vel, éin ting vi i kvart fall har erfart, er at det er ingen grunn til å grue seg for å bli gammal. Det er så mange dugelege og engasjerte menneske i kommunane og blant frivillige som bidreg til å aktivisere og gi rikt innhald til den eldre generasjonen. Det har vore ei takknemleg oppgåve å få laga filmar som fortel om suksesshistoriene som finst der ute, seier Beril Holte Rasmussen og Anita Aamodt Enersen om oppdraget med Leve heile livet."

Filmen om Åfjord kommune med deira fokus på måltid og samvær og filmen om Asker kommune med digital venn finn de [her](#) eller på YouTube-kanalen til Helsedirektoratet.

I tillegg har det nasjonale støtteapparatet gjort klart og sendt ut pakkar med informasjon til det regionale støtteapparatet. Desse informasjonspakkene inneholder PowerPoint-presentasjonar av Leve heile livet, ein brosjyre, eit notat på éin side som summerer opp reforma i korte drag og tekstar og materiell til bruk på nettsida til fylkesmannen om ønskeleg.



Beril H. Rasmussen (tv) og Anita A. Enersen (th) frå Wemake.

KONTAKT:

Thorstein Ouren,
Helsedirektoratet
468 99 410
levehelelivet@helsedir.no

NYHETSBREV

SEPTEMBER 2019

Evaluering av Leve heile livet

OsloMet har fått oppdraget med å evaluere reforma. OsloMet har sett saman eit team beståande av forskarar frå By- og regionsforskningsinstituttet NIBR, Velferdsforskningsinstituttet NOVA og forskingsgruppa Aldring, helse og velferd ved Fakultet for helsevitenskap, saman med Vista Analyse AS. Prosjektleiar er forskar II Hilde Hatleskog Zeiner.

Dei skal levere ein midtvegsrapport 1. februar 2021, for eventuelt å kunna justere kurs og verkemiddelbruk. Sluttrapport frå evalueringa skal bli levert 31. desember 2023.

Evalueringa skal sjå på prosess, verkemiddel, effekt, resultat og gevinstar innanfor målet til reforma, målgrupper og innsatsområde. Evalueringa skal kartlegge og analysere resultat i kommunane, dvs. kva reforma bidrar til av lokal aktivitet og arbeid med endring.

Eit viktig element vil vera å måle korleis arbeidet med reforma påverkar målgruppene for reforma: eldre over 65 år, pårørande til dei som er brukarar av kommunale helse- og omsorgstenester og dei tilsette (leiarar og medarbeidaranar) i helse- og omsorgssektoren. Det skal vere ein viktig del av evalueringa å hente erfaringar frå innbyggjarar, brukarar og pasientar. Evalueringa må vidare basere seg på erfaringar frå pårørande, tilsette, faglege og administrative leiarar i kommunane, lokalpolitikarar og andre samarbeidande aktørar.

Evalueringa skal òg sjå på om det nasjonale og regionale støtteapparatet blir skipa i tråd med mål og føringar i reforma. Evalueringa må kartlegge og vurdere korleis dei strukturane som er bygd opp nasjonalt og regionalt fungerer og om dei understøttar gode og effektive prosessar og ønskte leveransar.



*Hilde H. Zeiner, forskar II frå By- og regionsforskningsinstituttet
NIBR, OsloMet vil lede prosjekten.*

Nasjonal leve heile livet-pris

For å stimulere til aktivitet og lyfte fram kommunar som arbeider godt og systematisk, skal vi kvart år dele ut ein nasjonal leve heile livet-pris i reformperioden (2019-2023).

Prisen skal gå til ein kommune som gjennom arbeid med betre kvalitet kan vise til både planlagde og gjennomførte aktivitetar og gode resultat på område innan reforma.

Dei årlege kriteria for prisen ser vi i samanheng med fasane i reforma og forventingar til kommunane som høyrer til.

I 2019 er vi i ein fase med oppstart, kartlegging- og planlegging. Det er rimeleg at prisen går til den kommunen som i størst grad har gjennomført dei aktivitetane og oppnådd det som er forventa i denne fasen.

Det er hovudaktørane i det regionale støtteapparatet (KS, Utviklingsenter for heimetenester og Fylkesmannen) som nominerer kommunar til 2019-prisen. Desse aktørane vil ha best kjennskap til aktivitetane til kommunane i den fasen vi er i no. Juryen er dem nasjonale referansegruppa i Leve heile livet, og er samansett av representantar frå utvalde organisasjonar som med eit innbyggars- eller brukarperspektiv.

Prisen for 2019 vil verte delt ut på nasjonal konferanse for det nasjonale og regionale støtteapparatet i Oslo 13. november 2019.



Standard for tryggleik i sjukeheimar

I perioden frå hausten 2015 til våren 2018 har Helsedirektoratet, på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet, gjennomført eit arbeid for å utvikle ein standard for tryggleik i sjukeheimar. Den fyrste versjonen av "standarden" har vore utvikla og pilotert i fire kommunar – Tromsø, Sortland, Kristiansund og Eidskog. Totalt har piloten omfatta 6 sjukeheimar, 17 avdelingar og 650 tilsette.

Eit vebb-basert verktøy, kombinert med systematisk prosessrettleiing av leiarar og felles, nasjonale seminar for pilotkommunane, har vore hovudverkemidla i piloten. Arbeidet tek utgangspunkt i forskrift om leiing og betring av kvalitet, modell for betring av kvalitet og prinsippet om pasienten sin helseteneste og pasientsentrert omsorg ("kva er viktig for deg?"). Verktøyet definerer nasjonale krav, føringar og forventingar, som kommunane skal setje i verk i ein lokal samanheng. Verktøyet har særleg merksemad på system og strukturar, og konkretisering av dei grunnleggande føresetnadene som må vere på plass for at organisasjonen kan jobbe godt med kvalitet og betring av kvalitet. Kommunane i piloten skulle i tillegg vurdere om ein gjennom dette oppnår betre resultat innan dei tre temaområda ernæring, mat og måltid, aktivitet og omsorg mot slutten til livet.

Arbeidet blir vidareført i 2019. Helsedirektoratet har samla erfaringar gjennom arbeidsmøte i alle kommunane våren 2019, med hjelp frå eit byrå for tenestedesign. Einingsleiarar, avdelingsleiarar, sjuke- og hjelpepleiarar var med i arbeidet. Dette har gitt innsikt og eit godt grunnlag for vidare arbeid med neste fase.

Denne hausten blir neste fase gjennomført. Der brukar vi innsikt og erfaring frå piloten, og dessutan erfaringar frå tilsvarande arbeid, m.a. gjennom pasienttryggleiksprogrammet, til å utvikle eit konsept som kan bli spreidd og som blir vidare sett i verk. Ein revidert "standard for tryggleik" vil vere ein del av rettleiingsmateriellet som blir lagt til rette for regional og lokal bruk, i samband med gjennomføring av eldrereforma Leve heile livet. Arbeidet i reforma vil bidra til at konseptet blir spreidd og blir implementert i kommunane gjennom reformperioden.